



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 02.03.2016

Sak nr.: 16/2488-2
Internt I.nr. 8319/16

Sak: 19/16

Tittel: Støtte til løn- og rekneskapssenter i Florø

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må legge politiet sitt nye løns- og rekneskapssenter til Florø.

Gjennom Nærpolitireforma er Sogn og Fjordane politidistrikt no vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansearbeidsplassar er viktige for å gjøre bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellesstørster og oppgåver skal fordelast i politiet, noko òg retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringer for.

Sogn og Fjordane har vore konstruktive etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggast desentralisert.

- Sogn og Fjordane har særslig gode røynsler med å vere vertskap for denne type statlege oppgåver. Nav si økonomiteneste, Difi, skatteopplysninga og Lotteri- og stiftelsestilsynet er døme på organisasjonar som leverer nasjonale tenester av høg kvalitet frå fylket.
- Ved politihuset i Florø er det eit fagmiljø med solid kompetanse i politiet sine økonomi- og rekneskapssystem, og det vil vere lett å rekruttere nye medarbeidarar i området og innan pendlaravstand i regionen.
- Økonomitenesta i Nav er villig til å dele erfaringar og gi fagleg støtte til å utvikle, modernisere og effektivisere økonomitenesta til politiet.
- Bruk av moderne teknologi gjer løn- og rekneskapssenteret lite avhengig av ei lokalisering nært store brukarar og samarbeidspartar. Florø har eit godt flysamband til Oslo, Bergen m.v.
- Politiet har ei langsiktig kontrakt for leige av politihuset i Florø.
- Arbeidsløysa på Vestlandet og særleg Flora er sterkt aukande i ei tid med nedgang i offshore-aktiviteten.
- Det er ei uttalt målsetting at statlege arbeidsplassar skal fordelast geografisk utover i landet for å oppnå ein balansert arbeidsmarknad. Både fylket totalt sett og Flora kjem svakt ut i statistikken over lokalisering av statlege arbeidsplassar samanlikna med alternative lokaliseringsstader.
- Etter at mange nye statlege oppgåver er lagt til Austlandet dei siste åra, er det naturleg at Vestlandet no står for tur.

- Erfaringstal viser at det er billigare å drifta slike institusjonar desentralisert, og at det er mindre turnover enn i pressområda.
- Ei etablering av løn- og rekneskapssenteret i Florø vil gi ein meir variert arbeidsmarknad. Det vil igjen tilgi betydelege ringverknader for heile området, særleg med tanke på rekruttering til det private næringslivet. Det vil òg gjere regionen mindre sårbar for sviningar i dei konkurranseutsette næringane som elles pregar arbeids- og næringslivet.